

Ingen kundar mellom 8 og 9!

01.02.2010



Første kunden, Asle Hauge, kom klokka 9.05 og her blir han ekspedert av Kjersti Børve. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I dag skriv vi 1. februar og frå i dag held SPAR ope to timar lenger enn før dei første fem dagane i veka. Dei legg til ein time både om morgonen og kvelden og opningstida blir då frå 8 til 21.

Dette har uskedelingane og andre tydelegvis ikkje fått med seg førebels, for det kom ingen kundar mellom 8 og 9 i dag! For det er vel ikkje slik at utvida opningstid ikkje er nokon god ide?



Leverandørane var på plass allereie frå klokka 7, men det plar dei vera. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Det er nok framfor alt til sommaren denne utvidinga vil ha noko for seg, sa Gunn Mari Moberg. - Vi har nok førebels ikkje marknadsført den nye opningstida godt nok, sa Kjersti Børve.

Dei og dei to andre som var på jobb i morgontimane i dag hadde nok å henga fingrane i sjølv om det ikkje kom kundar allereie klokka 8. Vare-leverandørane var som vanleg på plass frå klokka 7 slik dei plar vera på denne dagen og kvartetten hadde meir enn nok å gjera.

Eit ledd i ein forbetra marknadsføring av den nye tida vil vera at skiltet i riksvegkrysset blir spadd fram frå snøhaugen og eit anna at klokkeslettet med gigantbokstavar på butikken blir skifta ut. Der står det framleis 9-20.

Men den nye tida er å finna med lita skrift på døra og inne i butikken blir det kunngjort at butikken frå i dag har 10 timar lengre opningstid i veka (forlenginga gjeld ikkje på laurdagane).

Den første kunden i dag kom 5 minuttar over 9. Det var Asle Hauge frå Uskedalen.

- Kvifor kom du ikkje før, spurte uskedalen.no

- Eg har fått med meg at SPAR skal opna tidlegare, men ikkje at det skulle skje akkurat i dag, svara han.

Av Ola Matti Mathisen